


KONTAKTBLAD FOR
Nr.29 Mars 2000 11.årg. **HJARTDAL**

HISTORIE

Hjartdal
historielag
10 år!



Tema på årsmøtet:

Kulturlandskapsprosjektet
i Hjartdal kommune -
Bondal
og
Nordbygda i Hjartdal

*Velkommen til
årsmøte 2000
på Fossen 13.april*

Bondal

I Bondal har vi eit av landets mest særmerkte og opprinnelige kulturlandskap. Både lokale og sentrale myndigheter og private har sett verdien av dette, og mykje bra arbeid er i gang for å ta vare på og gjere dette kjent for ettertida.

Kulturlandskapsprosjektet femnar om Bondal og nordbygda i Hjartdal, og er finansiert hovudsakleg ved stalege midlar.

Det går ut på forvaltning og skjøtsel i desse nasjonalt verdi fulle kulturlandskapsområda.

I Bondalsgrenda har vi også Øystein Bondals museum. Etter ein stor innsats med samling, ordning og verning av store mengder

gjenstandar som kvar og ein har si historie å fortelje, har Bondal nå fått samlinga trygt forvart i sitt eige museumsbygg i grenda. Og arbeidet med å organisere museet i ein stiftelse for å ta vare på samlinga for framtida, er godt igang.

Notodden historielag planlegg ein tur for medlemmene til Bondal i vår. Dei vil truleg invitere med seg Hjartdal historielag på denne turen som truleg blir i mai-juni. Turen blir vel annonser i Telen, så følg med der, om det ikkje kjem eit nytt kontaktblad med nærmare opplysningar før den tid.

Etter fleire års deltaking i arbeidet med Hjartdalskalenderen, fekk HHL før nyttår overført sin del av overskotet. Dette investerte vi straks i eit digitalt fotoapparat. Dvs eit kamera som ikkje legg bilda på film, men lagrar dei elektronisk til direkte bruk i datamaskin. Dermed er dei klare til alle slags bruk: Vanleg utskrift på papir, trykksaker, internett osv.



Nytt på nettet

Etterkvart skal det bli ei skikkeleg side som presenterer historia omkring bondeopprøret i Hjartdal. Vi har starta med å legge ut teksten frå heftet som kommunen gav ut i samband med 450-årsjubileet for bondeopprøret i Hjartdal.

Det er Dag Aandraa i Flatdal som har skrive hovudteksten, men her repeterer vi litt av historia med eit sammandrag ved Bjørn Rugaas:

I 1990 er det 450 år sidan det kom til konfrontasjon mellom styresmaktene - kongen i København, bergverksfolka på Sundsbarm og andre representantar for det "offentlege" - og bønder i Telemark. Det var særleg bondestanden i dei noverande kommunane Hjartdal, Seljord, Tokke, Kviteseid, Tinn og Vinje som protesterte mellom anna mot at tyske bergverksfolk tok seg til



Detalj frå monumentet - laga av Kari Buen

rette blant folk i bygdene... Etter fleire år med stadige motsetnader mellom folk og styresmakter, sende kongen i 1540 militærmaki mot telebøndene. I Ambjørndalen møttest hæravdelinga med stridslystne bønder, men det kom ikkje til krigshandlingar. I staden vart representantar for bøndene tekne til fange, da dei skulle forhandle med hæravdelinga. Resultatet av denne hendinga var at bøndene la ned våpna sine, truleg i Bågålia i Hjartdal, rett ved kyrkja. Bonderepresentantane vart stilde for retten, og vart dømde til å miste livet ved halshogging. Det var seks som fekk denne dommen, sistemann slapp å bøte med livet, men måtte i staden vere bøddel.

Bilda her er tatt med HHL's nye kamera, og fargeutgåver skal snart komme på sida - som du finn på <http://w1.2350.telia.com/~u235000027/hhl/bondeoppr.htm>



Notodden og omegn heimefrontsmuseum (NOHM)

- Notodden og omegn heimefrontsmuseum arbeider for tida med oppussing av lokalet i Smia i Skolandparken
- Ny okkupasjonshistorisk utstilling vil være tilgjengelig for publikum etter 17.mai
- Omvisning etter avtale med styret for NOHM eller seksjon for kultur i Notodden kommune

Svein Vetle Trae



Teikning av Svein Grue Carlsen

Bildeutstilling i høve 2000- årsfeiringa

Ei nemnd i HHL er gang med å organisere ei utstilling av historiske bilde frå bygdene våre. Vi vil prøve å ha utstillinga klar til våren. Da vil vi la utstillinga gå på omgang mellom bygdene. Sidan håpar vi at eit museumsbygg i Tuddal vil ta vare på bilda og kanskje ha dei på fast utstilling.

Vi tenker å bruke ein del av midlane vi har på dette. Det har gjennom arbeidet med mange lokalhistoriske bøker og kalendrar komme for dagen mange bilde. Ikkje minst har Trygve Nes gjort eit stort arbeid med "Hjartdal i bilder". I tillegg håper vi også å komme fram med bilde som ikkje er trykt før. Det å få bilda i stort format og i ramme, vil gjere at dei kjem skikkeleg til sin rett. Dermed kan dei også brukast seinare ved passande høve.

Vi tenker oss ein 30-40 bilde

frå 1800-talet og fram til 1990-åra. Slik at vi kan vise ei utvikling i bygdene frå dei første bilda blei tatt og fram til våre dagar.

Når det gjeld bilde frå dei siste tiåra (dvs. perioden da fargefoto har vore allemannseige), vil vi gjerne at HHL-medlemmer og andre tar kontakt med oss dersom dei har, eller veit om bilde som kunne vere passande til å representere denne tida. Nemnda vil sjølv sagt likevel stå heilt fritt når det gjeld å plukke ut bilda. Vi veit ikkje enda om vi kjem til å premiere dei vi brukar, men ei stor ære vil det sjølv sagt vere å få bildet sitt med på utstillinga!

Kontakt Torkel Hytta
350 23 150
to-hy@online.no



Årsmelding 1999

HHL har hatt 4 styremøte og behandla 12 saker. I tillegg kjem årsmøtet som var på Nutheim 25.mars

Det er gjeve ut to kontaktblad, nr 28 og 29.

Det har blitt rydda opp i samlinga av gamle lærebøker. Saman med ein del gamle lærebøker frå Sauland skule, er samlinga plassert i eit skåp i resepsjonen på Sauland skule.

Stiftelsen, Skog- og tresenteret Heddal Mølle, er formelt oppretta og består av Svein V.Trae for Hjartdal kommune og Geir Hagen og Frøydis Hagene Skoje for historielaget.

HHL har vore med på å skaffe skulane i kommunen ein del eksemplar av Ivar Dahls bok om Tuddal.

Det blir framleis arbeidd med å motarbeide at kulturskattar forsvinn frå bygdene.

HHL har deltatt i tusenårskomiteen i Hjartdal kommune. Planane er igang for ein bildeutstilling våren/sommaren 2000.

Digitalt fotoutstyr er kjøpt inn.

Internettsidene er under stadig utbygging. Desse fører bl.a. til nye kontaktar med etterkommarar av Hjartdølar som utvandra til Amerka.

Årsmøtet blir på

Fossen kro

Torsdag 13.april 2000 - kl.19.00

- Litt servering

Årsmelding - Regnskap - Valg - Eventuelt

Ole Per Schei presenterer
kulturlandskapsprosjektet

i Hjartdal kommune

Regnskap 1999 - Hjartdal historielag

Saldo 1.1.1999

kr 39 119,20

Kontingentar/abonnement	kr	1 075,00
Kontor, administrasjon, porto mv	kr	1 305,90
Servering	kr	585,00
Kjøp av div.bøker	kr	795,00
Bøker frå I.Dahl (til skulane)	kr	5 000,00
Bokskap (Plassert på Sauland skule)	kr	1 995,00
Fotoutstyr	kr	11 300,00
Tilskot frå banken	kr	2 000,00
Kulturmidler frå kommunen	kr	1 500,00
Oppgjer frå Hjartdal mållag for arbeid med Hjartdalskalenderen (Øyremerk fotoutstyr)	kr	11 300,00
Boksalg	kr	360,00
Medlemspengar innbetalt i 1999	kr	6 800,00
Renter 1999	kr	566,00
<i>Sum</i>	<u>kr 22 055,90</u>	<u>kr 61 645,20</u>

Saldo 31.12.1999

kr 39 589,30

Revidert av Finn Birger Andersen - Mars 2000



Finn Birger Andersen - alltid villig til å ta eit tak
for frivillige lag og organisasjonar i bygda.
- Revisor for Hjartdal historielag

Heddal mølle

Kva skjer for tida?

I fjar fekk alle husstandar i kommunen ei brosjyre om forprosjektet som var gjort for mølla. Der sto det mellom anna at det skulle oppretta ei stifting, for å ta vare på mølla, og samstundes skape ny verksemd der - eit "skog- og tresenter". Ein må bygge om ein del av møllebygget for å huse senteret, reparere bygget i seg sjølv, og ordne vatn og avløp.

Skog- og tresenteret er dels tenkt å vere eit servicekontor for trebearbeidande verksemd i Telemark. Dels er det tenkt å vere ein utadretta møte- og utstillingsplass for publikum og turistar, med fokus på historisk og nåtidsbruk av skog og trevirke.

Mølla er også utpeika som tusenårsstad i vår kommune. Dette inneber mykje kva ein sjølv gjer det til. Men tusenårsstadene er frå staten si side tenkt vere stader gjerne med historiske røter, som utviklast til nye møtestader av ymse slag. Dei er tenkt klargjort innan 2005, det året nasjonen Noreg fyller 100 år.

Utover året i 1999 vart stiftinga oppretta, og tok over mølla frå Notodden kommune. Stiftinga står på eigne bein juridisk og økonomisk, men det er historielaget og kommunen som har rett til å




peike ut styremedlemene.

Det første stiftinga gjorde, var å utføre ein del "strakstiltak". Det var ryddedugnad ute, søppel og kratt fylte fleire containrar og traktorlass. Så leigde vi folk til å fjerne det nedraste ovnhuset mot vegen, planere rundt, og kle att veggen.

Nå utover nyåret er ein i ei søknadsfase, med mykje arbeid for få til ei finansiering av ombygginga. Stiftinga er avhengig av gåver, tilskot og støtte frå mange hald - privat og offentleg. Vi kan i det høvet allereide nå oppmøde alle som har syn for saka til å tenkje på om dei kan bidra med pengegåver til ombygginga - noko vi elles kjem tilbake til seinare.

Stiftinga v/ Frøydis Hagene Skoje



HJARTDAL HISTORIELAG

Formann: Torkel Hytta, 3692 SAULAND Tlf.: 350 23 150 to-hy@online.no
Sekretær: Leif Skoje, 3692 SAULAND Tlf.: 350 23 011 //skoje@hotmail.com
Bank: Hjartdal og Gransherad sparebank: Kontonr.: 2699 07 04332
Internett/web-adresse: <http://w1.2350.telia.com/~u235000027/hhl>

*Kontaktbladet blir laga av Sekretæren i HHL.
Bladet blir sendt alle medlemmer.
Bruk gjerne stoff frå bladet, men oppgi kjelde.
Vi vil gjerne at medlemmene skriv i bladet.*

